



Troppå Gard v/ Arne og Wenche Pettersen  
Vestbygdvegen 346  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3774 - 18/7674

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
09.04.2018

## Godkjenning av utsett arbeidsfrist SMIL 2014 tilskot til skjøtsel av eikeskog Gbnr. 12/2 og 3 NedreTveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 80/2018**

### Saksutgreiing:

Troppe gard v/ Arne og Wenche Pettersen søkjar i e-post datert 26.03.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjere ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld rydding av eikeskog og skjøtsel på Gbnr.12/2 og 3 på Nedre Tveit i administrativt vedtak saknr. 317/2014. Arbeidsfristen gikk ut 01.12.2017. Fylkesmannen sin ref. 14/013607. Denne fristen var utsett til 31.03.2018 i administrativt vedtak saknr. 05/2018

### Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, men det står att litt arbeid. Det har vore utfordringar med å få gjennomført arbeidet grunna storm, nedbør og på grunn av at området er nytta som beite. Søkjerane hadde planlagt å gjennomføre siste del av rydding og planting innan utgangen av mars, slik at området vart klart og at plantane sikra før beitesesongen begynte. På grunn av kald vinter/vår meg frost og tele har det ikkje vore mogleg å gjennomføre dette innan den nye fristen 31/03.2018. Dei har difor behov for å forlenga fristen. Det er høve til å forlenga fristen med nesten 2 år for å gjennomføra prosjektet.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må akseptrast. Det er vanskeleg å gjennomføre siste del av ryddinga og plantinga når det er frost i bakken. Kommunen meiner det vil vere viktig at området er ferdig før beitesesongen og plantane er sikra slik at dei ikkje vert beita når ein ynskjer å betre beiteskogen. Prosjektet er i gang, og administrasjonen meinder det er viktig at arbeidet vert slutført og tiltaket ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

### Vedtak

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

«Meland kommune gjev med dette løyve til Troppå gard v/ Arne og Wenche Pettersen utvida frist til 01.12.2019 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 317/2014. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 317.2014.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. »

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Troppå Gard v/ Arne og Wenche  
Pettersen

Vestbygdvegen  
346

5918

FREKHAUG